

# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SGN OG FJORDANELAGET I OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 3

2012

ÅRGANG 27

## Bygdelagsdag og Friluftsteater i sikte.....

Røros-leken 4.–6. mai –

*ei helg i polstakt*



VÅR PÅ PUSTUT  
DUGNAD 2.-3. JUNI, 9.-10. JUNI OG 30. JUNI

## Bygdelagsdag 3. juni og friluftsteater i sikte

No ser det endeleg ut til at våren og kanskje sommaren er her, og folk kan løysa sveitten både på byggjedugnader oppå Pustut (sjå baki avis), og på Bygdelagsdagen/Bygdøystemna utpå Norsk folkemuseum sundag 3. juni, sjå fyldig program i dette bladet.

Kring 30 stykke frå ringen, eit par frå laget og nokre nærskyldde har nett vore på Røros-leken, fyrste helga i mai, og retteleg løyst sveitten, sjølv om der var både gammal og ny snø og kulde – ein tur du kan lesa om litt lenger bak, og ei helg som gav meirsmak.

Sogn og Fjordaneringen held framleis dei faste øvingane tysdagane, og har hatt ansvar for folkedansen fleire sundagar i vår, med aukande oppslutnad og god stemning i det siste.

Og så har det vorte halde vårdugnad på Nordfjordhytta, der ny flaggstong visst vart reist.

Me prøver no å få til ein teatertur til Hadeland ein kveld i jonsokhelga, der friluftsspelet “Bronsebukkene” vert framført for 6. gong, med Paul Ottar Haga i den mannlege hovudrolla, på ein av landets avgjort vakraste utescenar. Leiaren har sett stykket og kan gå god for det! Sjå eiga side om spelet og påmelding til framsyninga 24. juni baki bladet, bli med på det.

### Hugs medlemspengane

Har du gløymt å betala medlemspengane, er det hove til det framleis; finn fram att giroen du fekk i mars eller bruk laget sin konto i nettbanken, 0531 27 71723, og merk betalinga med Medlemspengar 2012 pluss namn og adresse. Me oppmodar også folk om å senda inn e-postadressa si til [hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no), slik at de kan få kunngjeringar med e-post.

**Alv Reidar Dale**  
Lagsleiar

## Vår på Pustut - 50-års Jubileumsfest i september

No har eg vore på Pustut og rydda stova for verktøy og bygningsmaterialar. Så no ventar eg på at nokon kjem og gjer reint og gjer det triveleg i stova. På kjøkenet trengst det framleis ein del sparkling og pussing før vi kan måla og "flytte inn" i kjøkenskåpa. Vi prioriterer dette no slik at det vert trivelegare å vera der for dugnadsgjengen, og for at hytta kan takast i bruk i sommar. Arbeidet med tilbygget vil gå parallelt om det er nok folk.

Vi har sett opp 3 helger med dugnad før sommarferien.

**2. – 3. juni, 9. – 10. juni og 30. juni – 1. juli**

Elles er det høve til å reise opp og gjera ein innsats utanom desse helgene. Det vil bli lagt ut arbeidsbeskrivelse for det som skal gjerast.

Ta gjerne kontakt med meg og sei frå om du kjem på dugnad eller om du har spørsmål. Tlf. 92067263, epost. [hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no)

Det trengst god innsats skal vi bli ferdige til jubileumsfesten.

Helsing Byggjekomiteen v/Hilmar



Frå arbeidet med tilbygget.

# Friluftsspelet *Bronsebukkene* 24. juni

«Bronsebukkene» er eit friluftsteater basert på ei historie der fortid og notid vert vovne saman, bygt på Nord-Europas største og mest spennande bronsealderfunn på Grindvoll på Hadeland (Jevnaker kommune) i 1924.



Sogn og Fjordanelaget har sikra seg 12 billettar til årets oppsetjing. Vi har valt siste framsyninga i jonsokhelga, **sundag 24. juni kl. 18.00**.

Spelet vert framført på *Midtre Olimb Gård*, om lag midt mellom Jevnaker og Roa, på den mest naturlege, flotte utescene som tenkjast kan, ei naturperle av ein plass! Dessutan byr leiaren i laget på **kaffi, kjeks og is** eller kake, alt etter som, i Plassen sin på Askilsrud, ikkje langt frå spelstaden, **kl. 15**, å håpa i godt og lagleg utever! Dei som melder seg på og vil ha med seg den forsmaken, får nærmare reiserute.

Ordinær billettpris fram til 1. juni er kr. 290,- for vaksne og 135,- for barn 4–16 år. Laget har lovnad på 10 % avslag fram til då, dvs. ca **260 kroner** (billettavgift kjem kanskje i tillegg), så me må setja **påmeldingsfristen til 1. juni**.

Du melder deg på til Jofrid Holter, på e-post: [jofrid.holter@hioa.no](mailto:jofrid.holter@hioa.no)  
eller sms: 97 59 15 42.

*Bli med på teatertur til naturvakre Hadeland 24. juni!*

## *Bygdelagsstemnet på Norsk Folkemuseum – Bygdøy sundag 3. juni 2012*

### TORGET

1130-1200 **Symra** – stildans

1245 Oppmøte Stemnetog

1300 Stemnetog går frå Torget til Festplassen

1300 **Songlaget i BUL**

### FESTPLASSEN

1315 Opning av program på scena v/leiar i BLS Anne-Lise Berggren

1320-1340 **Barnelaget i BLS** – Minstegruppa, Mellomgruppa og Størstegruppa

1345-1400 Fra idé til framsyning – **Barnelaget i BUL**

1400-1410 **Barnelaget i BUL** – BUL Young og BULder og brak – halling

1410-1425 **Norsk Folkemuseums dansegruppe**

1430-1445 **Solveien Spelemannslag** spelar ved kafeen på Festplassen

1445-1500 **Songlaget i BUL** syng ved kafeen på Festplassen

### **1415- Piknik på Festplassen med høve til grilling**

### TELEMARK NUMEDAL

1430-1500 Symra/Solvor Sundsbø Hordaringen/Edvin Øen

1500-1530 Telelaget/Elizabeth Gaver Rundsnuen/Edvin Øen

### SETESDAL

1510-1540 Sogn og Fjordaneringen/Solvor Sundsbø

### TORGET


1530-1600 Stordans

## PLATTING VED TORGKAFEEN

1600-1650 Bygdedans. Valdreslaget/Laura Ellestad. Hallinglaget/Eilev Groven Myhren. Numedalslaget/Elizabeth Gaver

## TORGET

1600-1700 Fellesdans m/runddans, turdans, songdans og rekkedans  
Feleboga og Solvor Sundsbø



Røros-leken 4.-6. mai – ei helg i polstakt



Sogn og Fjordaneringen arrangerte i år tur til Røros-leken første helga i mai. Ein i alle måtar mykje vellukka tur, trur eg radt alle dei godt 30 som var med, vil meina, på biletet smilande samla rett før heimferda på sundagen.

Ringen hadde sikra seg Hogne Tellnes som sjåfør på bussen, og med han ved rattet og Bjørg, kjeringa, spelande fløyte i baksetet, bar det i veg dei nesten 40 mila til Røros. Lunsjpause på Elgstua ved Elverum og pissepause lenger nord. Og regn gjekk gradvis over i sludd og snø.

Tor Hauknes spela trekkspel på turen både opp og ned, Anders Fongen spela citer, eit fint strengeinstrument, og Øystein Grimstad førelas litt om geologien i Nord-østerdalen, m.a. det dramatiske Jutulhogget sør om Alvdal. På heimturen fortalte Oddny Feragen om oppvekst og kultur i Os og Tolga. Dei gjorde reisa rikare.

På Røros tok me inn på det gamle, ærverdige familiehotellet Erzscheidergården, og fekk ein fantastisk god ‘finnbiff’-middag og blåbærpai der, før dei fleste drog på “Bli kjent-kveld” i det grelt grøne Sangerhuset i Bergmannsgata og hivde seg i dansen til musikk frå Mari Eggens kvintett. Fullt hus og mange kjende frå ulike kantar av landet.

**Laurdagen** var fleirtalet med på omvising med kjentmann i Røros sentrum (foto 2), ved Slegghaugane (foto 3) og Smelthytta og til slutt i Bergstadens Ziir, Røros kirke (foto 4, på neste side), ein forvitneleg runde, men også nokså kjølig. Det låg endå vintrasnø og fersk nysnø der oppe.

Etter turen bar det rett på ”Middagsdans” i Sangerhuset, til musikk av Glåmos Spellmannslag, like fullt hus og stor stemning. Etterpå ein noko sein non på Kaffestuggu for nokre av oss.

Han viste oss også 'fattigkvarteret' i Sleggveta ved Slegghaugane.



Røros-guiden vår var leiari i det lokale Fortidsminnelaget, synte oss m.a. Per Amundsagården, som Fortidsminnefor. eig og leiger ut til medlemmer. Foreininga eig også Rasmusgården lenger nede i Bergmannsgata.



Masse pols sjølvsagt, men også mange andre slag dans; songdansar, turdansar, gammaldans, rekkjedansar, som det sørmer seg ein skikkeleg leikfest, til vel to om natta!! All den gode maten og dansen let seg ikkje ta bilete av, den var for feit og heit...



**Søndagen** gjekk mest halve ringen i kyrkja (og sanna sine (unnlatings-) synder) – før ”attpålaget” med meir dans og prat i Sangerhuset, til musikk av mange gode spelemenn.

Turen attende til Oslo, med middag på Miklagard, gjekk

også med musikk og triveleg prat. Og alle var samde om at det hadde vore ein gild tur!

*Alv Reidar D.*, som skriv under på det (tekst og foto)

ES. Kyrkja på Røros har eigen kyrkje(s)katt framleis...



**Laurdags kvelden** var det stor, god, gammaldags leikfest i Glåmos samfunnshus, med full middag (reinsdyrsteik), ‘opprop’ (S&Fj.-ringen var vel største einskildlaget) og helsingar. Kaffi og kaker seinare på kveld, eit kabebord som var det i eit storbrudlaup.

A

## PROGRAM FOR VÅREN 2012

Tilskipingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek etterhald om endringar. Følg med på <http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://sognogfjordaneringen.no>.

Kvar tysdag Kl. 18–22 folkedansøving i Storsalen. Siste gongen 12/6.  
Aktivitetskalender: <http://www.sognogfjordaneringen.no>

Måndag 27/2 Årsmøte i Sogn og Fjordanelaget

Helga 28-29/4 Dugnad på Nordfjordhytta

Helga 4-6/5 Ringen på tur til Rørosleiken

17/5 Ringen dansar på institusjonar i Bærum

Helga 19-20/5 Rekeselskap Nordfjordhytta

Søndag 3/6 Bygdelagsstemnet 2012 på Norsk Folkemuseum,  
Bygdøy

Helga 2-3/6 Dugnad på Pustut

Helga 9-10/6 Dugnad på Pustut

Helga 30/6-1/7 Dugnad på Pustut

Søndag 24/6 Friluftsspelet "Bronsebukkene", Hadeland

### Andre datoar

27. juni – 1. juli Landskappleiken, Sel/Otta  
5. – 8. juli Førde internasjonale folkemusikkfestival  
6. – 10. juli Nordisk sommarleir  
10. – 15. juli NORDLEIK i Steinkjer i Nord-Trøndelag.  
Fleire tilskipingar og meir detaljar på <http://folkedans.com/>.

### Lagsavisa - fristar mm.

Frist for stoff til den neste avisa er **14/8**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Tidspunkta kan verte endra. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til [agnar.kvellestad@nvh.no](mailto:agnar.kvellestad@nvh.no).

Alternativt i brev til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo.

Kontakt oss på tlf. for ev. å avtale andre leveringsmåtar. Vi ønskjer også bilete; helst digitale, men tek også imot farge- eller svart-kvitt-papirkopiar.

Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal.

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

### STYRET

**Leiar:** Alv Reidar Dale 47 33 18 64 (p) – 22 85 63 48 (a)  
[a.r.e.dale@admin.uio.no](mailto:a.r.e.dale@admin.uio.no)

**Kasserer:** Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) – 92 06 72 63  
[hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no)

### PRESSE & PR

**Leiar:** Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) – 90 53 36 96  
[agnar.kvellestad@nvh.no](mailto:agnar.kvellestad@nvh.no)

### HYTTESTYRET

**Leiar:** Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)  
[agnar.hegrenes@nilf.no](mailto:agnar.hegrenes@nilf.no)  
**Kontakt Sunnfjordhytta:**

Andor Gjelsvik 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58  
[andorgj@frisurf.no](mailto:andorgj@frisurf.no)  
**Kontakt Nordfjordhytta:**

Dagfinn Aa, [daa@ssb.no](mailto:daa@ssb.no) 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)

### SOGN OG FJORDANERINGEN

**Leiar:** Anne-Lise Berggren 67 14 11 95 (p) – 67147350 (a)  
[alb@geofrost.no](mailto:alb@geofrost.no)